



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 06.10.11 **Kl.:** 10.00 – 11.30 **Stad:** Bømlo Hotell, Rubbestadneset
Saknr.: 31/11 – 36/11

MØTELEIAR

Georg Lønning (FrP)

DESSE MØTTE

Sonja Hellen Sele (H)
Marlen Hellen (Ap)
John-Kåre Torkelsen (KrF)
Kåre Habbestad (SP)

FORFALL

DESSUTAN MØTTE

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø, Deloitte AS
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/Roald Breistein

Sakliste:

Saknr.	Sak
31/11	Godkjenning av innkalling og sakliste
32/11	Godkjenning av protokoll frå møte 13.09.11
33/11	Selskapskontroll av Bømlo kommunale Eigedomsselskap AS – Forslag til prosjektplan
34/11	Orienteringssaker
35/11	Meldingar
36/11	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

31/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

32/11 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.09.11

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 13.09.11.

VEDTAK

Protokollen frå møte 13.09.11 vart samrøystes godkjend.

33/11 SELSKAPSKONTROLL BØMLO KOMMUNALE EIGEDOMSSELSKAP – FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS med dette som tema og ev. innspel under drøftinga i møtet.
 - a. Prosjekt 1: med utgangspunkt i forslag til prosjektplan: "Om selskapet vert drive i tråd med føresetnadene mv."
 - b. Prosjekt 2: "Eigedomsforvaltninga i selskapet"
2. Ev. ny og/eller korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 20.10.2011. Sekretariatet saman med leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein timeressurs på inntil
4. Kontrollutvalet ønskjer at rapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av februar 2012, ferdig verifisert og med dagleg leiar, styreleiar og rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte presenterte den føreslåtte prosjektplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte gjennomfører prosjekt 1 "Om selskapet vert drive i tråd med føresetnadene mv.". Det vart semje om at problemstilling nr. 4 vert kutta ut, men at det samstundes vert gjort enkle vurderingar av denne problemstillinga i samband med problemstilling 1 og 2. Utleige av bustader skal også verta ein del av i selskapskontrollen.

Etter sams drøfting vart kontrollutvalet samrøystes einige om slikt vedtak.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS med dette som tema og innspel under drøftinga i møtet.
 - a. Prosjekt 1: med utgangspunkt i forslag til prosjektplan: "Om selskapet vert drive i tråd med føresetnadene mv."
2. Korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 7.10.2011. Sekretariatet saman med leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert gjort ein reduksjon i timeressurs i tråd med punkt 1.

- Kontrollutvalet ønsker at rapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av januar 2012, ferdig verifisert og med dagleg leiar, styreleiar og rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

34/11 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvalsmedlemmer:

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte	Status forvaltningsrevisjon innan internkontroll
2	Sekretariatet	Avtale om revisjon av kyrkjeleg fellelsråd, 2 vedlegg
3	Sekretariatet	Artikkel i Bergens Tidende 29.9.11 om Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, vedlegg
4	Ymse	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte	Status forvaltningsrevisjon innan internkontroll <ul style="list-style-type: none"> Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte orienterte om status når det gjeld forvaltningsrevisjon innan internkontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
2	Sekretariatet	Avtale om revisjon av kyrkjeleg fellelsråd, 2 vedlegg <ul style="list-style-type: none"> Sekretariatet orienterte om at status når det gjeld at kyrkjeleg fellelsråd i Bømlo kommune har inngått avtale om revisjon av rekneskapen sin med KPMG AS
3	Sekretariatet	Artikkel i Bergens Tidende 29.9.11 om Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, vedlegg <ul style="list-style-type: none"> Artiklar i BT 30.09.11 og 1.10.11 om same sak vart delt ut i møtet Kontrollutvalet i Bømlo ønsker på bakgrunn av m.a. det som er kome fram i media, å gjennomføre selskapskontroll i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS i 2012. Det vert teke kontakt med dei andre eigarkommunane med førespurnad om å vera med på ein slik selskapskontroll Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ikkje innvendingar mot at den største eigarkommunen får hovudansvaret for gjennomføringa av selskapskontrollen.

VEDTAK

Orienteringssak nr. 3:

- Kontrollutvalet i Bømlo ønsker på bakgrunn av m.a. det som er kome fram i media, å gjennomføre selskapskontroll i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS i 2012.
- Det vert teke kontakt med dei andre eigarkommunane med førespurnad om å vera med på ein slik selskapskontroll
- Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ikkje innvendingar mot at den største eigarkommunen får hovudansvaret for gjennomføringa av selskapskontrollen.

Informasjonen vart elles teke til orientering.

35/11 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
28	Kommunestyret	Sak 65/11 i KST 26.09.11 – Papirlause møter i Bømlø kommune
29	Kommunestyret	Sak 68/11 i KST 26.09.11 – Politisk organisering valperioden 2011 – 2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

36/11 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

YMSE

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Georg Lønning
Leiar

Roald Breistein
Sekretær